




www.voss.kyrkja.no

Nr 5 | 2023 | 82. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



4-5

KYRKJE-
VALET

6-7

VIGSLINGS-
GUDSTENESTE



Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Wenche Horvei
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidedeilete: Unsplash.comi. S 13 og 15 - Pixabay.co

Kyrjekontoret på Voss:

Opningstider: Måndag-fredag 9-15
(onsdag 10-15)
Besøksadresse: Uttrågata 5
Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,
PB 49, 5701 Voss
Telefon: 56 52 38 80
E-post: post.voss@kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
www.voss.kyrkja.no

*Informasjon om gudstenester,
trusopplæringstiltak, påmelding
til dåp og mykje anna finn du på
www.vosskyrkja.no*

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert
Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no
**Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim
og Raundalen** Arnulf Sandvik
Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad
Frode Kvamsøe,
Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no
Prestevikar Bengt Arvidsson
Tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar

(fram til 01.11.2023):

Evanger: Nora Mykkeltvedt
Tlf 952 79 970.
Voss: Bjørg Helland
Tlf 938 56 326.
Oppheim: Monica Gudrun Hansen
Tlf 957 58 204.
Vinje: Ståle Hirth
Tlf 950 81 902
Raundalen: Johnny Lemme
Tlf 401 82 912.
Granvin: Sigvor Melve Schrey
Tlf 911 32 608.

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse
Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kontorleiar Vibeke Lemme Rasdal
Tlf 922 45 274. E-post: vl454@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik
Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar
Åshild Bøe Kharazmi
Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no
Diakon Sigrd Djukastein Mala
Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Anja Slåtten
Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no
Ungdomsprest Vette Leksbø
Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
Tlf 958 56 414. E-post: ag678@kyrkja.no
Organist Frode Vik
Tlf 952 62 084.
Organist Ellen Marie Selland Geithung
Tlf 980 64 594.
Organist Edyta Bryk
Tlf 954 30 695.
Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt
Tlf 934 46 884.
Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik
Tlf 414 75 383.
Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt
Tlf 468 98 970.
Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje
Trond Olav Neteland
Tlf 957 02 327.
Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid
Tlf 901 36 496.
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
Tlf 918 74 201.
Redaktør i Kyrkjentytt Svein Tøsse
Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kontormedarbeidarar Idunn Holen,
Lene Brunborg og Ingrid Kløve-Graue.



Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet),
tlf 56 52 38 80.
Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.

**Neste nummer kjem
i veke 48.
Frist for melding
om stoff er måndag
30.10.2023.**

Å bli berørt

Andakt av sokneprest
Kjersti Brakstad Boge

Eg har blitt voksen no og kjenner at eg er heldig som har hatt så mange gode mennesker til stades i mitt liv. Nokon har betydd mykje for meg.

Eg har vore så heldig at eg har fått fleire born. Det var slik eg lærte kva bekymringar er. Ein av dei låg 14 dagar på nyfødtintensiven og hadde tidvis problem med å pusta og nokre gonger hjartestans. Eg hugsar så godt den eine pleiaren som stelte barnet mitt, kor omsorgsfull ho var, ho stelte så vel for barnet mitt. Etter kvart oppdaga eg at barnet mitt aldri hadde pustestopp når ho var på vakt. For ho rørte barnet mitt på ein heilt spesiell og omsorgsfull måte.

Nokon rører ved oss på ein spesiell måte. Dei talar til oss eller møter oss slik at det forandrar oss. Gjerne på ein slik måte at vi føler at vi er likt og forstått og akseptert. Å bli berørt av nokon kan opplevast på minst to måtar, anten hud mot hud eller ord mot hjarte.

Jesus rørte ved mange mennesker på ein heilt spesiell måte. Han rørte ved dei, han helbreda dei og reiste dei opp til eit nytt liv. Ein av dei som vart berørt av Jesus var Peters svigermor, hud mot hud og ord mot hjarte. Ho vart frisk igjen. Ho fekk tilbake sitt gamle liv og byrja arbeidet sitt med nye krefter.

Jesus vil også berøre oss. Han vil røre inn i livet vårt og skapa noko godt og nytt. Forandringa når Jesus rører oss, er som å stå opp igjen som eit nytt menneske. Han gjev oss glede, styrke og kjærleik.

Jesus rører oss gjennom Bibelen og bønna, gjennom fellesskapet med dei truande og i gudstenesta. Der er det ei heilt spesiell kraft som er så mykje meir enn det menneske kan gje oss. Når Jesus rører oss gjev han oss nytt liv. Det kan vere vel verdt å sleppa han inn i livet sitt, lesa i Bibelen, be ei bøn eller bli med på ei gudstenesta. Han er ei kjelde til tru, håp og kjærleik i våre liv.

Kyrkjevalet 2023

Kyrkjevalet er over. Me kan sjå tilbake på resultatet etter fleire månader med arbeid med rekruttering, kandidatlistar, førehandsrøysting, og gjennomføringa av valet 11. september.

Valdagen er, slik det har vore vanleg sidan 2009, lagt samstundes med kommune- og fylkestingsvalet. Samarbeidet med Voss herad om tilrettelegging av vallokale har gått greitt, og veljarane fann etter det me veit greitt fram til urnene. Sokneråda hadde ei liste, til bispedømerådsvalet var det fire kandidatlistar.

Nytt av året var elektronisk førehandsrøysting. I nokre

sokn var om lag halvparten av alle røystene førehandsrøyster, og dei fleste av desse var leverte via den elektroniske løysinga.

For å endre på rekkjefølgja i nominasjonslista måtte ein få kryss frå minst 5% av dei totale røystene. Dersom det i eit sokn var innkome til dømes 100 røystesetlar totalt, måtte ein kandidat ha minst 5 ekstra kryss for å rykkje oppover på lista.

Valdeltakinga i sokna var fordelt slik:

Raundalen sokn.....	30%
Oppheim sokn.....	30%
Vinje sokn.....	23%
Granvin sokn.....	17%
Evanger og Bolstad sokn.....	17%
Voss sokn.....	6%
Gjennomsnitt for alle sokna i Voss var.....	9,5%



Oddny
Miljeteig



Turid
Fjose



Per
Hilleren



Karl Johan
Kirkebø



Dag
Sele



Sigurd
Grindheim



Live
Bakke Nydal

BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

Rådet er samansett av tre grupper av kandidatar.

Faste medlemar:

Oddny Irene Miljeteig.....	(Open folkekyrkje)
Turid Fjose.....	(Nominasjonskomiteens liste)
Per Hilleren.....	(Frimodig kyrkje)
Karl Johan Kirkebø.....	(Open folkekyrkje)
Dag Sele.....	(Nominasjonskomiteens liste)
Sigurd Grindheim.....	(Bønnelista)
Live Bakke Nydal.....	(Open folkekyrkje)

TILSETTE I DEN NORSKE KYRKJA:

Kjersti Gautestad Norheim (sokneprest, Birkeland) er vald inn som representant for prestar tilsett i Den norske kyrkja.

Rita Eldholm (diakon, Åsane) er vald inn som representant for leke tilsette (leke tilsett = ikkje prest).

I tillegg har biskop Ragnhild Jepsen fast plass i bispedømerådet.

Varamedlemar:

Bønnelista:

1. Solaug Anita Apelthun Sæle
2. Trygve Johannes Hellesøy
3. Torid Morsund Øygard
4. Finn Indrebø

Frimodig kyrkje:

1. Gunnar Innerdal
2. Egil Morland
3. Marthe Hauge Aase
4. Karen Sofie Uthaug

Nominasjonskomiteens liste:

1. Arne Jostein By
2. Amalie Gjengedal-Eide
3. Ingeborg Watne Flatland
4. Kristin Jordheim Bovim
5. Dag-Olav Bjørøy

Open folkekyrkje:

1. Rune Johan Skjælaaen
2. Mari Skjerdal Lysne
3. Malene Mortensen
4. Anne Vierdal
5. Håkon Glatved-Prahl
6. Vegard Flatebø Trætteberg

VOSS SOKN

Medlemar

Randi Kløve
Bente Anita Kristiansen
Inger Sigh Petersen
Leiv Arne Mosefinn
Kari Bergsland
Kjellfrid Skutlaberg
Björg Helland
Anne Berit Berland
Christian Johannes
Hansen Torsvik
Sigurd Langehaug

Varamedlemar:

Torbjørn Turvoll
Johannes Fagerland
Gerd Astrid Jordalen
Jenny Jordalen Haugo
Egil Lee

GRANVIN SOKN

Medlemar

Sigvor Melve Schrey
Jan Ivar Rødland
Atle Seim
Leif Harry Øydvin
Ingebjørg Winjum
Christina Vatnøy

Varamedlemar:

Randi Eikanger Kalsaas
Gwyenn Esther
Foshaugen-Kalsaas
Ingunn Olsen
Elisabeth Solvi
Harald Hatland

RAUNDALEN SOKN

Medlemar

Nanna Kathrine Nordahl
Berit Hauge Våle
Linda Utne Tvinde
Morten Vangen

Varamedlemar:

Asbjørn Lemme Richards
Vidar Tokvam
Teodor Reime
Geir Ove Slettemark

EVANGER OG BOLSTAD SOKN

Medlemar

Anny Karin Forthun
Nora Bjørgo Mykkeltvedt
Karianne Fredriksen
Ingebjørg Hjeltne
Ellen Iren Johansen Århus
Veronika Malen Nordbø

Varamedlemar:

Ruth Arnhild Skadberg
Tyssen
Edvard Jarle Bolstad
Rita Veve
Hans Devik Hammersland

OPPHEIM SOKN

Medlemar

Heidi Hisdal
Christine Kalsås
Jan-Ove Nordvik
Ragnhild Winther
Gerd Ingrid Dukstad Hope
Terje Nordanger

Varamedlemar:

Britt-Iren Tveite
Sylvi Nedkvitne
Frode Herheim
Stig Atle Ure
Arne Hagenson

VINJE SOKN

Medlemar

Gunnar Kløve Lillethun
Rigmor Ulvund
Terje Hole
Margunn Mørkve
Inge Hole
Jan Gilbakken

Varamedlemar:

Turid Jordalen Lirhus
Thomas Sleen
Kari Johanne Øvstedal

Fireårsperioden går dermed mot slutten for mange av dei folkevalde soknerådsmedlemene.

Me takkar avtroppande råd for tenesta, og ynskjer velkomen alle nye og attvalde medlemmar.

For nokre av dei nyvalde medlemmane kan dette verte det fyrste møtet med eit offentleg organ som direkte kan påverke kvardagen til innbyggjarane. Sjølv om Den norske kyrkja som eigen organisasjon har skild lag med staten, er oppgåvene for innbyggjarane dei same. Den lokale kyrkja syter for dåp, trusopplæring, konfirmasjon, vigsl og gravferd, for dei som ynskjer det. Gudstenester i ulike former, diakonalt omsorgsarbeid både for eldre og unge, alt dette kan sokneråda påverke i form og omfang.

Fellesrådet, som mellom anna er sett saman av ein representant for kvart sokneråd, har også ansvar for administrasjon av alle gravplassane på vegner av Voss herad. Det syter for tett samarbeid mellom pårørande, gravferdsbyrå, prest, organist, og gravplassarbeidarane.

HAUSTPROGRAM SENIORTREFF 2023

10. oktober «Pensjonert diplomat»
Fredrik Arthur

14. november «Ynskjekonsert»
med Odd Hagen og Leif Inge Underdal

12. desember «Me høyrer om, og syng kjente og kjære jolasongar» Ingunn Hommedal Blikås

Treffa er i Vonheim, ca. ein gong i månaden kl. 12.00 – 14.30, arrangert av Voss Sokneråd.

Her er alle eldre hjarteleg velkomne.

Og treng du skyss, må du gjerne ta kontakt:
Tlf 47849134, Sigrid D. Mala, diakon.



TILBOD OM SAMTALE

Skulle du, eller nokon de kjenner, ha ynskje om ein samtale er du velkomen til å ta kontakt med:

Diakon Sigrid Djukastein Mala,
tlf. 478 49 134, sm435@kyrkja.no

Diakoni medarbeidar Anja K. Slåtten,
tlf. 417 04 958, as257@kyrkja.no



Biskop Ragnhild Jepsen held vigslings-
tale.
Alle foto: Arne Mosefinn



Handspålegging og forbøn.



Vetle får stolaen av Ingvill Humlebrekke,
som teikn på at han er prest.

Vigslingsgudsteneste for Vetle Leksbø

Torsdag 15. juni vart Vetle Leksbø vigsla
til prest i Vangskyrkja.

Tekst: ARNE MOSEFINN

Vår nye biskop Ragnhild Jepsen var tilstades og stod for den høgtidelege handlinga.

Ho held ein vigslingsstale til Vetle der ho tok fram at tenesta hans ville skje både med glede og alvor. Han hadde allereie lag på lag med erfaring og undring. Nåden er den vi er kalla og utrusta til å forkynna – og du har vist lyst til å forkynna. Du har ein dialekt som

minner om eit lett sinnelag – den må du utnytta. Men hugs også å vera pappa og ektemann, så ikkje tida di berre går med til andre.

Deretter knela han ved altarringen og prestar og andre tilsette la hendene sine på han til velsigning, før han kunne ta på seg stolaen som viste at han var retteleg prest.

I preika si over teksten om

Sakkeus – som var så liten at han måtte klatra opp i eit tre for å få sjå Jesus – samanlikna han seg med vetle Sakkeus, som følte seg liten og skamfull. Likevel tok han imot Jesus med glede. Då vert det ikkje vanskeleg å innrømme sine manglar.

Eg har opplevd nok til å ta sjansen på å bli prest. Det er stort at Gud kan bruka lille meg, sa han i preika.

Etter gudstenesta var det mange som ville helsa på Vetle, og på biskopen. På kyrkjeaffien i Vonheim fekk han og mange helsingar og gåver. Særleg dei unge i Refleks syntes det var stas at han no var blitt skikkeleg prest og at han framleis ville vera tilstades for dei.

Foto til høgre: Etter
gudstenesta saman med
biskop Ragnhild Jepsen.



Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

T₉ På sporet av Heilag Olav



Niåringane møtte oss ved Kyrkjetunet. Her leika me litt for å bli kjende og så fekk me høyre om Abraham som fekk løftet frå Gud om at slekta hans skulle vera velsigna og spreie seg over heile jorda. Deretter gjekk me til leikeplassen ved Tinghuset der me fekk forteljinga om Jesus. Ferda vår vidare gjekk mot Vonheim og enda 1000 år nærare vår tid.



Ved Olavskrossen sto "Heilag Olav" og venta på oss, 1000 år etter at den verkelege Heilage Olav var her og kristna vossingane.

Me fekk vera i lag med ein gjeng blide og fornøgde niåringar som fekk høyre histore om korleis ordet om Gud har spreidd seg utover jorda, heilt frå Abraham si tid og til i dag.

Me avslutta i Vangskyrkja der borna fekk tenna ljøs, sjekke ut dåpsengelen og motta kvart sitt pilegrimsmerke av tre som bevis på at dei hadde vore med denne dagen.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₆ Heilt førsteklases

Eit skattekart dumpa ned i postkassene til seksåringane i august. Dei var inviterte til skattejakt rundt kyrkjene. Då oppgåvene på postane var løyste og passordet funne fekk dei grave etter nøkkelen som opna skattekista. Sjølv skatten fekk dei sjølv sagt med seg heim. Inne i pakkene var det ein ballong, eit armband, ein gullpenge og ei bok. Alt dette skal minne borna og oss alle om at me er alle heilt førsteklases. Også me som ikkje går i første klasse.

Granvnn



Voss



Vossestrand



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Evanger



T₂ Krølletreff for alle sokn

Det er haust, noko som betyr at tøyselammet Krølle likar å ta seg ein tur for seg sjølv. Heldigvis er toåringane flinke gjetarar og finn Krølle raskt. På same måte finn Jesus oss dersom me vert borte for han. Me oppdagar kanskje ikkje at me har rota oss bort, men Jesus er der for oss alle.

Klovn Tipp, var med for å fortelje om Jesus og Krølle. Etterpå laga me handavtrykk til å ta med heim og fekk eta krøllegraut.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



- Naboen var innom og lånte grasklipparen i dag tidleg.
- Då ser vi han nok aldri att.
- Å? Kvifor ikkje?
- Den var hans.

- Syster mi synest eg er altfor nysgjerrig.
- Korleis veit du det?
- Det stod i dagboka hennar.



Land i Romarane 15,28 1.

Yrke i Romarane 12,7 2.

Kvinne i Apostelgjerningane 16,14 3.

4. Rørsle i Apostelgjerningane 16,26

Sko i Markus 6,9 5.

Kvinne i Markus 15,40 6.

Landområde i Markus 16,7 7.

8. Verdfull ting i Matteus 13,44

9. Lærsvin i Matteus 26,75

**på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00**





Sherpaer i arbeid med restaureringa av kyrkjegardsmuren.

Gravplassen på Skiple

På Skiple i Raundalen ligger et godt bevart kulturminne, den gamle gravplassen.

Tekst og foto: Rønnaug Bere og Nanna Nordahl

Den ligger vakkert til, tett ved elven Skiplo. Den var i bruk fra 1812 og fram til 1936. Den er omringet med en fin gråsteinsmur, og mot vest står klokkehuset. Hver julaften kan en høre julen ringes inn derfra. Gravplassen er på ca 1 mål, og det ligger nærmere 700 gravlagt der.

Hver vår møtes lokale entusiaster og har dugnad. Uten deres innsats hadde gravplassen vært tilvokst og lite tilgjengelig.

For noen år siden ble deler av muren mot nord ødelagt, og Skiple sogelag ble i fjor stiftet med mål om å få restaurert muren. Det ble søkt ulike instanser om midler, og i vår var finans-

ieringen på kr 100.000,- klar. Stibbyggjaren AS ved Geirr Vetti tok ansvaret for arbeidet, og i juni arbeidet fire sherpaer med restaureringen. Muren er nå ferdigstilt, og de har gjort et godt arbeid. Skiple sogelag sender en stor takk til alle de som har støtta prosjektet.

Skiplestemnet har blitt arrangert på gravplassen hvert år siden slutten av 70-tallet. I år gledet vi oss over at den utraste delen av muren var ferdig restaurert i god tid til stemnet. Dessverre gjorde været at vi måtte flytte ned til Raundalskyrkja. De fremmøtte fikk derfor ikke sett det fine arbeidet som var gjort. I kirken holdt Arild Hellesøy andakt



Restaurert mur ved Skiple kyrkjegard.

før vi gikk ned i Kyrkjestova til kirkekaffe. Der fortalte Hellesøy om tiden som prest for samer i Finnmark.

Vi håper på bedre vær til neste år slik at vi kan ønske velkommen til et Skiplestemne i friluft.

Kyrkjelydstur til Tyssen



Sundag 20. august var det kyrkjelydstur til Tyssen for Evanger og Bolstad sokn.

Tekst og foto: Gunn Horvei

Oppmøtet var godt, heile 34 stk tok turen. Ruth og Arne Tyssen tok vel imot oss. Veret spelte på lag og me tok turen ned til vatnet og kosa oss der. Prest Frode Kvamsøe heldt andakt og spelte gitar til songane. Arne Tyssen fortalde om

livet på Tyssø i frå gammalt av, og svara på spørsmål frå folket. Så var det tid for kaffi og niste og god prat. Det vart ei kjekk og koseleg stund for liten og stor!

Tusen takk for at me fekk koma.

VOSS SOKN SI GJEVARTENESTE

Ynskjer du å bidra litt ekstra til kyrkja sitt lokale arbeid på Voss?



Brenn du for musikk, diakoni eller ungdomsarbeid? Du kan støtte arbeidet vårt ved å gje eit beløp til kyrkja si gjevarteneiste.

Ingen beløp er for store, ingen beløp for små. Me har endra konto for gaver. Alle gaver må setjast inn på kontonummer 3480 30 84647

Du kan og sende pengar på VIPPS til 127376 (Vangskyrkja).

Hugs å merkje innbetalinga med kva du ynskjer at pengane skal gå til.

Helsing Voss sokneråd

SEMINAR OM BARN MED UTVIKLINGSHEMMING



*Korleis kan ein best leggja til rette for at barn med utviklingshemming kan delta i lokalkyrkja sine aktivitetar og trusopplæring? Dette blir det samtale om i **Førde 5. oktober**.*

Les meir på kyrkja.no - foreldrepraten

Helgemesse/Allehelgensdag

Sundag 5. november er det helgemesse/allehelgensdag som vert markert i alle våre sokn.

Tekst: Diakon Sigrid Djukastein Mala

Der vert pårørende og familie som har mista ein av sine invitert til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sakn.

Denne dagen er også for oss alle som har mista nokon vi var glade i, uansett om det er gått få eller mange år.

For mange er denne dagen ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden, på grava eller minnelunden denne dagen, for å minnast dei som er døde og tenna lys. Vi i kyrkja ser ikkje ber-

re dei vakre lysa, vi ser òg at livet er skjørt og sårbart og vi alle treng håp. Denne dagen vert liva våre sette i ein større samanheng.

På dei ulike minnegudstene vil me minnast og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist helgemesse/allehelgensdag, i innråming av vakker musikk.

For nokon har det har det gått eitt år, for andre kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid sidan dødsfallet og saknet er sårt. Vi ynskjer difor å invitera

dykk til ei stille stund i kyrkja på helgemessesundag, der de er av omgjevne av menneske og Gud i sorga.

Vi sender ut ein invitasjon via brev til dei som er pårørende siste året, men her er alle velkomne år etter år. Ein dag der vi alle minnes våre.

Det vil ellers bli annonsert i «avisa Hordaland» på nettsida vår og plakatar. Har de spørsmål eller behov for å prate med nokon om sorg, må de gjerne ta kontakt!

De er alle hjarteleg velkomne!

Helgemesse i Vangskyrkja
sundag 5. november
kl. 11.00

Minnegudsteneste for Voss i Vangskyrkja sundag
5. november kl.17.00

Minnegudsteneste i Evanger kyrkje sundag
5. november kl.11.00

Helgemessegudsteneste i Raundalen kyrkje sundag
5. november kl. 17.00

Helgemesse i Oppheim kyrkje sundag 5. november
kl.19.30

Helgemesse i Granvin kyrkje sundag 5. november
kl.18.00

 VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 myrkdalen.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor
Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.   VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar VIRKE GRAVFERD  Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outourcing
 entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Voss Energi -rein vossakraft!	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
 UINJO	 Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:  Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no Stort utvalg i blomster og gravminne! KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 Me går saman med deg heile vegen	 Tlf 56 51 31 96	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16
Din røyrleggjar i sentrum Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjekontoret på post.voss@kyrkja.no	 Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995
 VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS Skyvedørskarmer Loftstrapper Inspeksjonsluker		Anleggsgartner og trepleiar  GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 - www.lillethun.no

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

25.06.23 Sivert Bidne
Mali Tufte Horvei
Liam Vika Ljones
Lovise Nyre Gjelle
Elara Karin Østerdal Rasmussen
09.07.23 Pauline Hagenes
23.07.23 Theo Djukastein Grøtte
05.08.23 Aurora Grace Binas Mandelid
Ylva Skutle Ryum
12.08.23 Sigrid Nesheim Bolstad
Joar Wersland Fjose

Åsmund Lemme Bøyum
Olai Swärd Fremmersvik
Alva Swärd Fremmersvik
13.08.23 Håkon Johannes Kleppe
Sivert Bakketun Vedå
Svein Jærstad-Hovda
Joar Standal Lilletveit
18.08.23 Erik Anders Ringheim-Kricker
27.08.23 Lukas Seim Byrkje
Ela Andrekute-Trå
Anna Bondevik

13.08.23 Anna Songve Midnes
27.08.23 Gabriel Tombre

Evanger sokn:

25.06.23 William Gerhard Devik

Oppheim sokn:

20.08.23 Matheo Bruvik

Raundalen sokn:

18.06.23 Even Phontema Kolve

VIGDE

Voss sokn:

24.06. Marte Birgitte Mangerud og Martin Søgaard
01.07. Karianne Broch og Louis-Phillipe Ndikumana
08.07. Mari Nedkvitne og Sjur Stråtveit Gravning
08.07. Amalie Tranøy Hovden
29.07. Anja Kronstad og Sigmund Stokke
29.07. Stine Eskelund og Stefan Skjerdal Stier
05.08. Frida Berntsen og Håkon Norheim
05.08. Veslemøy Tesdal og Elling Isene Stenseth

05.08. Kari-Anne Riber og Krister Skjerveggen
12.08. Jannike Bakke og Petter Lem Gullestad
19.08. Karoline Therese Hamgaard og Johnny Heggheim
19.08. Helene Løw Årvik og Morten Andre Larsen

Granvin sokn:

01.07. Tonje Såkvitne og Kjartan Ljones
01.07. Signe Lussand Selheim og Reidar Skallberg

DØDE

Voss sokn:

11.06. Jarle Per Prestegård 07.08.1953
13.06. John Magne Jakobsen 02.02.1938
14.06. Anne Marie Jurnhart 11.01.1933
15.06. Borgny Merkesdal 20.05.1935
19.06. Signy Skår 05.01.1963
23.06. Anne Gerd Væhle 15.03.1962
27.06. Johannes Sætre 30.05.1937
27.06. Anders Fosse 07.07.1930
29.06. Kirsten Karin Tvilde 20.05.1935
28.06. Bergfrid Dymbe 11.12.1931
01.07. Aslaug Mølster 29.10.1924
02.07. Liv Ystaas 16.11.1932
03.07. Halldis Riber 04.04.1932
04.07. Gudrun Hommedal 07.10.1940
07.07. Synneva Hole 27.09.1927
13.07. Kjell Jostein Lid 20.02.1953
13.07. Kjellfrid Gunvor Fostås 10.02.1939
13.07. Anna Tillung 06.02.1923
20.07. Sigve Furunes Kvamsdal 12.03.1983
21.07. Norvald Akselberg 16.05.1930
25.07. Reidar J. Saue 23.01.1940
29.07. Anna Vetthe Jansen 13.09.1929
29.07. Ivar Aase 26.03.1931
31.07. Vibeke Olsen 31.05.1954
31.07. Aslaug Prestegard 24.08.1937

31.07. Lilly Johanne Skjerven 01.09.1943
04.08. Laila Berit Bryn 30.04.1935
05.08. Kjell Hefte 14.04.1958
07.08. Tordis Serine Rusås Kronstad 13.04.1947
07.08. Konrad Jansen 05.10.1932
14.08. Lars Bæra 28.09.1928
24.08. Rannveig Haga Rørlien 18.06.1942
31.08. Magnar Mandelid 23.07.1944
07.09. Bjørg Nesheim 31.12.1923
13.09. Solveig Røthe 13.05.1949
16.09. Ragnhild Høgheim 20.12.1924

Evanger og Bolstad sokn:

20.06. Jorund Mykkeltveit 01.09.1920
27.06. Emma Maria Kristina Hansson 13.10.1979
28.07. Reidun Jane Bergitte Rasdal 05.09.1946

Granvin sokn:

14.08. Eilev Einar Beggevik 30.03.1955
02.09. Torstein Hamre 24.08.1931
04.09. Anna Marie Pedersen 10.07.1930
06.09. Lars Velken 25.07.1948

Raundalen sokn:

08.09. Hans Grove 23.11.1936

Vinje sokn:

09.09. Leif Magne Øyestad 13.03.1959
17.09. Ingar Pettersen 07.04.1962

Gudstenesteliste

Oppheim kyrkje:

05.11 kl 1930 Minnegudsteneste v/Sandvik
 19.11 kl 1100 Gudsteneste v/Sandvik
 26.11 kl 1100 Omsorgstunet v/Sandvik
 03.12 kl 1930 Ljosmesse v/Sandvik
 10.12 kl 1100 Gudsteneste Jordalen v/Sandvik

Vinje kyrkje:

29.10 kl 1100 Gudsteneste. Gullkonfirmantar v/Sandvik
 12.11 kl 1100 Familiegudsteneste T5 v/Arvidsson
 10.12 kl 1600 Me syng jola inn

Granvin kyrkje:

22.10 kl 18. Lina Sandell gudsteneste v/Arvidsson
 05.11 kl 19. Minnegudsteneste v/Ulvik
 12.11 kl 11. **Mælandshagen.** Gudsteneste med nattverd v/Ulvik
 26.11 kl 11. Familiegudsteneste T4 v/Ulvik
 03.12 kl 18. Ljosmesse v/Ulvik

Raundalskyrkja:

22.10 kl 1100 Familiegudsteneste T3/4/5 v/Sandvik
 05.11 kl 1700 Minnegudsteneste v/Sandvik

Bolstadøyri bedehus:

22.10 kl 16.00 Familiegudsteneste med hausttakkefest v/Kvamsøe. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi
 03.12 kl 11.00 T3/4/5-dag v/ Velsvik og Kvamsøe. Kyrkjekaffi

Vangskyrkja:

15.10 kl. 11. Gudsteneste med dåp v/Hellesøy
 22.10 kl. 11. Familiegudsteneste med nattverd v/Leksbø og Küspert
 29.10 kl. 11. Folkemusikkmesse med Nattverd v/Küspert
 02.11 kl. 19. Ung messe med Refleks tensing v/Leksbø, Küspert og Skjeldal
 05.11 kl. 11. Helgemesse med nattverd v/Küspert
 05.11 kl. 17. Minnegudsteneste v/Küspert
 12.11 kl. 11. Gudsteneste med dåp v/Hellesøy
 19.11 kl. 11. **NAIN.** Fellesgudsteneste med nattverd. Vi feirar gudsteneste med dei andre kyrkjene på Voss
 26.11 kl. 11. Familiegudsteneste med dåp v/Leksbø og Küspert
 01.12 kl. 18. Lysmesse v/Leksbø, Skjeldal og Küspert
 03.12 kl. 11. Gudsteneste med nattverd v/Küspert. Presentasjon av nytt sokneråd
 10.12 kl. 11. Gudsteneste med Dåp v/Hellesøy

Evanger kyrkje:

05.11 kl. 11.00 Minnegudsteneste/-konsert v/Kvamsøe. Kyrkjekaffi

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!
 Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).



Aktivitetskalender

T-dagar:

22. oktober: T3 / T4 / T5 for Raundalen sokn, Raundalskyrkja
 27. oktober: T11 « Lys vaken» for Oppheim og Vinje sokn, Oppheim kyrkje
 3. november: T10 / T11 « Lys vaken» for Granvin sokn, Granvin kyrkje
 20.-21.-22. november: T5 Julekrybbeverkstad for Voss sokn, i Vonheim
 25. november: T5 Julekrybbeverkstad for Granvin sokn, i Granvin kyrkje
 26. november: T3 / T4 Undretur og utdeling av barnebibel for Granvin sokn, i Granvin kyrkje
 3. desember: T3/T4/T5 Undretur, utdeling av barnebibel, og Julekrybbeverkstad for Evanger og Bolstad sokn, Bolstadøyri bedehus